



Initiativtakar Tore Mathiesen har denne dagen hausta mange lovord for refleksveka.

I kveld gjekk veka inn i fase 2 - med reflekskveld i bedehuset der 20 av medlemmene i Hobbyklubben var aktive og engasjerte..

Nokre filmsnuttar illustrerte til fulle at refleks kan redda liv.

Det vart også tevla i 3 'disiplinar' - med premiering..

Stian Sebastian Ænes vann tevlinga i bøttekast medan

Ann Helen Rød klarte fullt hus og sigra

i oppgjeret om å hugsa refleksar.

Eit tredje oppgjer, refleksjakt på loftet, vart ein triumf for Bjørn Martin

Haugland..

Sokneprest Kristian Due opna kvelden med andakt og det var servering av pizza.

Fredag og laurdag held veka fram med utdeling av refleks ved SPAR - fredag frå 14.30 til 18 og laurdag frå 10 til 14.

På biletet over er det Frida Nybakk som trimmar hjernecellene medan Jon Harald Kjærland testar henne.

Under er det kø for reflekskast.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

